



---

## Nyheitsbrev frå Aukra kommune




### **Velkommen til opningsvekene i Aukra Kulturhus**

Aukra kulturhus opnar laurdag 3. september. På opningsdagen og i dei to påfølgjande vekene vil det vere mykje som skjer i huset og vi håpar du vil vere ein del av det.

Programmet finn du på Aukra kommune si heimeside.

[Program](#)



### **Oppningstider for bassenget**

Bassenget opnar **4. september** og skal vere ope kvar dag til ulike tidspunkt. Det blir morgonsvømming tysdagar og torsdagar, babysvømming, pensjonistsvømming, mosjonssvømming, familiebadning med leik og moro med meir. Sjekk ut oppningstidene på heimesida og finn den aktiviteten du vil vere med på.

## Opningstider og billettpisar



## Informasjon om det nye biblioteket

**Biblioteket opnar 3. september.** Biblioteket har fått ei flott plassering i det nye kulturhuset og blir enda meir tilgjengeleg for publikum. I tillegg til bemanna opningstid måndag til laurdag, skal biblioteket ha ei ubetent opningstid. Du får då tilgang til biblioteket med lånekortet ditt i den utbetente opningstida. Løysinga kjem på plass i løpet av hausten.

[Meir informasjon om opningstidene](#)



### Helsing frå kommunedirektøren

Eg håpar at du som mottek Aukra kommune sitt nye digitale nyhetsbrev synes det er eit godt tilskot blant dei mange kanalane vi brukar til informasjon og dialog med våre innbyggjarar. Eg nyttar nyhetsbreva til å skrive nokre ord om kva kommunen jobbar med, eller andre aktuelle ting. Denne gongen om veg og sykkel!

Mange har sikkert blitt råka av at Fylkesveg 530 mellom krysset Aukravegen/Nyjordvegen og Aukra kulturhus har vore stengt i sommar. Vi håpar omkøyringa ikkje har bydd på for store problem. No ser vi fram til at ein ny og forbetra veg kan opnast igjen i byrjinga av september, til glede for alle brukarar og



### Helsing frå ordføraren

Då har dei fleste gjort unna ferien, og at vi har hatt eit varierande ver kan vel alle skrive under på. Uansett no er vi klar for nye utfordringar og moglegheiter.

Skulane og barnehagane er i gang, der mange spente born har fått oppleve sin første dag i barnehagen eller skulen. Vi politikarar må snart sjå inn i framtida saman med administrasjonen og legge eit best mogleg budsjett og rammer for det neste året. Det er ikkje tvil om at dette er krevande sjølv i Aukra, når vi no skal finansiere Kjerringsundet saman med Møre og Romsdal fylkeskommune. Aukra kommune er fortsatt i ei særstilling økonomisk som vi må ta godt vare på, på ein ansvarleg og tillitsvekkande måte.

dei som bur eller driv næringsverksemd tett opp til vegen.

Før sommarferien nytta eg moglegheita til å sykle litt rundt på Gossen etter at arbeidsdagane var slutt. Det vil eg gjere meir av. Det er fantastisk flott å sykle her! Eg vil minne deg om «sykkelhotellet» på kaia. Pendlar du mellom Julsundet og Gossen? Enten det er den eine eller andre vegen, så er det fint å kunne sette igjen bilen på kaia og ta sykkelen fatt etter ferjeturen. I sykkelhotellet kan du ha sykkelen trygt parkert. Det er tilgang berre for dei som har kodebrikke. Ta kontakt med sentralbordet på kommunehuset om du ønsker tilgang.

Eg ser fram til det neste året, og som innbyggjarar snart vil få sjå trur eg dei politiske partia allereie er godt igang med å planleggja neste års kommunevalgkamp. Ta godt i mot framtidige politikarar som bankar på døra, fortel dei kva du ønskjer vi politikarar bør jobbe med vidare. Har du lyst vil du bli tatt godt i mot hos alle partia dersom du vil vera med å bidra som politikar i Aukra.

## Kva skjer i kommunen?

### Kva skjer?

01 SEP | [Søknadsfrist for SFO i haustferien](#)

01 SEP | [Frist for søknad om tilskot til prosjekt og arrangement](#)

03 SEP | [Offisiell opning av Aukra kulturhus](#)

→ [Vis alle hendingar](#)  
→ [Registrer eit arrangement](#)

På heimesida har vi ei oversikt over ulike arrangement som t.d. opningsvekene for kulturhuset, politiske møte, konserter, kino med meir.

Alle kan legge inn arrangement på denne sida. Trykk på "Registrer eit arrangement" under kalenderen på heimesida. Fyll ut skjemaet og send inn. Arrangementet blir synleg i kalenderen etter at vi har publisert det.

[Finn arrangement](#)

[Registrer eit arrangement](#)



**Aktivitetstilbodet SAMMEN** har mange aktivitetar som du kan delta på. Bruktbutikk, lunsjgruppe, tur- og treningsgruppe.

[Les meir om aktivitetstilbodet](#)

**Open kveld:** Eit rusfritt gratis tilbod for ungdom på Gossen (fredagar) og i Julsundet (onsdagar) frå 8. klasse og opptil 17 år. Oppstart i veka 34.

[Les meir om open kveld](#)

**Foreldrerekurs hausten 2022.** Påmeldingsfristen er 15. september med oppstart 19. september. Kurstad både på Julsundet og Gossen

[Les meir om foreldrerekurs](#)

# Søknadsfrister

## SFO i haustferien

Søknadsfristen for SFO i haustferien er **1. september**. På heimesida finn du søknadsskjema, informasjon om prisar og opningstider med meir.

[Gå til søknadsskjemaet](#)

## Tilskot til prosjekt og arrangement

Søknadsfristen er **1. september**. Lag og organisasjonar som er registrert i Frivillighetsregisteret og er aktiv i Aukra, kan søke.

[Gå til søknadsskjemaet](#)

### Visste du at...

...du kan melde om feil eller manglar på kommunen si heimeside? Du kan mellom anna melde om feil på vatn, avløp og renovasjon, friluft og uteområde, veg og veglys. Ved å klikke på lenka nedanfor, kjem du til tenesta "Meld inn feil".

[Meld inn feil](#)

## Skriv til oss

### AUKRA KOMMUNE

Nyjordvegen 12  
6480 AUKRA

[Epost](#)  
[E-dialog](#)  
[Kontaktskjema](#)

## Snakk med oss

### SENTRALBORDET

Mån - fre: 09.00 - 14.30  
Telefon: 71 17 15 00

[Finn ein tilsett](#)  
[Personvern og informasjonskapslar](#)



Aukra - Fylkeskommune

[Meld deg av nyheitsbrevet](#)

